



Bjørn Hagen AS  
Postboks 3  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2685 - 18/25823

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
03.01.2019


## Godkjenning - GBNR 23/490,302,362 - frådelling og ny festegrunn for meir enn 10 år - Frekhaug

**Administrativt vedtak. Saknr: 334/2018**

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Gisle Skauge, Meland kommune v/ordfører Øyvind H. Oddekalv og Meland Utbyggingsselskap v/Lars Barstad og Arnold Tveit har på vegne av eigarane av gbnr. 23/490, 302 og 362 søkt om løyve til frådelling av eit areal på om lag 190 m<sup>2</sup> og om oppretting av festegrunn for arealet.



Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 21.11.2018, komplett med søknadsskjema signert den 3.1.2019.

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## VURDERING:

### Lov- og plangrunnlag:

Oppretting av ny grunneigedom og oppretting av festegrunn for bortfeste er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav m), og er søknadspliktig etter § 20-2. Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at «[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold i strid mot denne lov, forskrift eller plan.»

Det omsøkte arealet er omfatta av Områdereguleringsplan for Frekhaug Senter, planid: 125620100004, og er satt av til gangareal og offentlig tenesteyting. Under føresetnad av at arealet skal nyttast til dette føremålet også etter frådelling, finn administrasjonen at frådelling ikkje er i strid med gjeldande plan, jf. pbl § 26-1.

## VEDTAK:

*«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m) løyve til frådelling av areal og oppretting av ny festegrunn som omsøkt og vist på vedlagte kart.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl § 21-9.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Kart



**Mottakere:**

Bjørn Hagen AS  
Meland kommune

Postboks 3  
Postboks 79

5906  
5906

FREKHAUG  
FREKHAUG